



ÅRSMELDING 2013



La oss gjenvinne meir



HJELP OSS Å GJERE LANDET VÅRT MINDRE GIFTIG.

Miljøgifter finst i meir enn du trur. Hugs å sortere riktig.

Miljøselskapet ÅRIM

ÅRIM (Ålesundregionen interkommunale miljøselskap) har ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall og slam. ÅRIM er eit kompetansesenter som legg vekt på miljøvennleg og effektiv drift. Vi arbeider for å gjøre det enkelt å levere avfallet til riktig behandling og gjenvinning, gjennom betre informasjon og framtidsretta løysingar. Selskapet er eigd av tolv kommunar; Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund, med tilsaman 100 000 innbyggjarar.

Innhald

Fem år - og klare for meir	4
Miljøstasjonane i Ålesundregionen	6
PCB – eineståande stoff med farlege eigenskapar	7
Ulike typer miljøstasjonar	8
Betre renovasjonsteknisk planlegging handlar om deg der du bur	10
Miljøfarleg avfall ut av søpla	12
Korleis du brukar skismurninga er opp til deg...	13
Hytteliv er herlig	14
Auka tankeverksemd	15
Papirfabrikk i barnehagen	16
Papirfabrikk i barnehagen	16
I kontakt med kundane	17
Ei felles renovasjonsforskrift	18
Affallskonferansen – bransjen sin viktigaste møteplass	19
Dette kostar renovasjonen for 2014	20

Årsmelding	22
Resultatrekneskap	25
Balanse	26
Notar	27
Revisjonsmeldinga	34
Administrasjonen sin rapport	36
Miljørappart	38

Redaksjon:	ÅRIM
Layout:	Spirdesign
Illustrasjon:	Ingvild Mork
Foto:	Vasco Pinhol, Peder Otto Dybvik, Irene Lovund, Istockphoto, Loop


Fem år - og klare for meir

Da miljøselskapet ÅRIM vart etablert, var det for at kommunane skulle få betre løysingar innan miljø, kompetanse, økonomi og informasjon gjennom å samarbeide. Mykje har skjedd sidan då, men meir skal på plass.

Betre løysingar saman enn kvar for seg

Renovasjonstenesta ser enkel ut for ein innbyggjar. Renovatøren kører runda si, tømmer dunkane og leverer avfallet til gjenvinning. Men mykje skal fungere for å utføre tenesta godt og lovleg.

La oss følgje oppgåvene til ÅRIM litt på vegen. ÅRIM kører alt restavfall til energigjenvinning hos Tafjord Kraftvarme. Papir og plast blir levert til Norsk Gjenvinning der det blir sortert og sendt vidare til materialgjenvinning.



Dagleg leiar, Øystein Solevåg

Papiret reiser til Nederland og Sverige for å bli nye pizzaesker, plasten til ulike anlegg i Sverige og Tyskland for å få nytt liv der. Glas- og metallumballasje blir sendt til anlegget til Syklus i Fredrikstad. ÅRIM har også ansvar for

slam, som blir henta, avvatna og sendt til kompostering av Miljøservice. ÅRIM har ei rekke avtalar som skal følgjast opp etter reglar om offentlege anskaffelsar. At renovasjon og slam blir drive til sjølvkost stiller sjølv sagt krav til god økonomistyring innan alle område – den minste oppgåve har sin prislapp.

ÅRIM har også tatt over kundekontakten, det vil seie at alle spørsmål om renovasjon og slam, alle kundedata, fakturagrunnlag og dagleg kundedialog blir handtert av kundekonsulentar som arbeider fullt og heilt med desse fagområda. Selskapet har etablert ein fasit på kva som er riktige svar når kundane ringer.

Dette er døme på oppgåver kommunane utførte parallelt, på tolv ulike måtar tidlegare. – At kommunane valte å samarbeide over kommunegrensene betyr at oppgåvene no blir utført likt for kundane og meir rasjonelt for kommunane. Vi ser også at krava til datakvalitet blir større når eit interkommunalt selskap utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette vinn alle på. Men der er framleis oppgåver mellom ÅRIM og kommunane som kan og bør effektivisera.

Avfall er ressursar på avvegar.

Eit viktig mål med å opprette ÅRIM har vore å sikre at fleire ressursar i avfallet kjem til nytte som råvarer i industrien eller til energiproduksjon. For å få til dette, må ÅRIM gjere kundane meir bevisste på korleis dei sorterer og leverer avfallet. Motivasjonen for mange kjem når dei oppfattar kvifor dei skal kjeldesortere; «Glas blir til byggemateriale. Plast blir til fleecejakker. Farleg avfall i naturen skadar dyr, menneske og miljø». Bodskapa er mange og det tek tid å nå inn. Difor er det viktig at vi på same tid lagar system som gjer det enkelt for kunden å handtere avfallet riktig. Eit døme

er den mobile miljøstasjonen som i år kører rundt i kommunane, der folk kan levere miljøfarleg avfall. Ei gjentakande tilbakemelding er «Dette var eit godt tiltak. Når kjem de tilbake?». Men sjølv om dette er eit godt enkelttiltak, har vi ein lengre veg å gå.

På rett veg

Kundeundersøkinga i 2013 har vist at selskapet er på rett veg. Innbyggjarane i alle kommunane svarte at dei var meir nøgde med renovasjonstenestene enn ved den tilsvarende undersøkinga før ÅRIM var i drift, i 2009. Dette viser at samarbeid om renovasjon var eit godt grep.

Eit miljøstasjonstilbod med ti avdelingar

Innbyggjarane i Ålesundregionen leverer avfall til ti bemanna miljøstasjonar som den enkelte kommune no driv for sine innbyggjarar. ÅRIM førebur overtaking av ansvaret for miljøstasjonane, med sikte å på ta over frå 2015. Å sjå alle miljøstasjonane under eitt, gir nye muligheter for utvikling og deling av kompetanse, å få meir ressursar ut av avfallet, gode innkjøpsavtalar, at tilsette skal kunne utføre oppgåver for fleire stasjonar, og ikkje minst - at kundane kan levere til den miljøstasjonen som passar best for dei.

Om representantskapet vedtek overtaking av miljøstasjonane, vil ÅRIM ha eit totalansvar for innsamling og gjenvinning av avfall og slam i Ålesundregionen, i tråd med målet med opprettinga av selskapet.

Miljøstasjonstilbodet i framtida

Representantskapet i ÅRIM vedtok strategi for bemanna miljøstasjonar på årsmøtet i 2013.

Her vart måla for miljøstasjonstilbodet vedteke. Representantskapet vil godkjenne eventuell overtaking av miljøstasjonane hausten 2014, etter at styret i ÅRIM har lagt fram konsekvensar for økonomi og leigeavtalar med kommunar og tilsette.

Mål for miljøstasjonane

- 1) Kundane skal oppleve tilboden på miljøstasjonen som betre.
- 2) Kundane skal oppleve miljøstasjonstilboden som eit felles tilbod til alle innbyggjarane i ÅRIM.
- 3) Gjennom betre samordning av løysingar og avfallsstrømmar, skal det takast ut ein effektiviseringsgevinst.
- 4) Miljøstasjonstilbodet skal vere robust nok til å handtere noverande og framtidige krav frå styremaktene.
- 5) ÅRIM skal identifisere kundane sine behov, få oversikt over kva kundar som leverer kor mykje avfall og vidareutvikle miljøstasjonstilboden slik at det samsvarer med kundebehov og avfallsmengder.

Eitt heilheitleg tilbod

Bur du i ein ÅRIM-kommune, kan du levere avfall i alle ÅRIM-kommunane. Dette er eit av måla selskapet arbeider for å få til. Eitt miljøstasjonstilbod vil gi kundane fleire tidspunkt å levere avfall på og dermed større fleksibilitet. Dette vil også gi nye muligheter for bruk av kompetansen på stasjonane, dei tilsette kan utføre arbeid på meir enn ein miljøstasjon.

Pia Birgitte Tomren er arbeidsleiar på Sjøholtstrand miljøstasjon i Ørskog kommune. Bak frå venstre: Frank Glomset og Batur Tomak.

Miljøstasjonane i Ålesundregionen

I dag har ÅRIM-kommunane ti bemanna miljøstasjonar. Stasjonane er svært ulike både i storleik, omfang og tenestetilbod. Vi kan grovt fordele dei inn i tre storleikar basert på potensielle kundar frå hushald, næring og hytter.

LITEN

Miljøstasjonane til Stordal, Sandøy, Norddal og Ørskog er dei minste. Stasjonane har mellom 1 200 og 2 500 potensielle brukarar.

MEDIUM

Ein medium miljøstasjon har like mange brukarar som alle dei små tilsaman, i gjennomsnitt i overkant av sju tusen brukarar. Den minste har fem og den største ni tusen. Stranda, Vestnes, Giske, Sykkylven og Haram kommunar har miljøstasjonar i denne storleiken.

STOR

Bingsa i Ålesund kommune er den einaste store miljøstasjonen. Stasjonen, som blir brukt av Ålesund, Sula og Skodje kommunar, har i underkant av seksti tusen brukarar og er like stor som alle dei andre stasjonane, samla.



Godt fornøgde kundar

Brukarsundersøkinga ÅRIM gjorde i 2013 viser at kundane er godt fornøgde med miljøstasjonane i dag. På ein skala frå ein til fem på kor tilfredse dei er, får miljøstasjonane ein score på 4,3. Personalet på stasjonane får særleg god tilbakemelding. Kundane som er misnøgde gir tilbakemelding om at dei er minst fornøgd med opningstider, skilting og generell informasjon.

Vi ser òg at dei som betaler for bruken over renovasjonsgebyret, altså Skodje, Sula, Sykkylven og Haram, er noko meir fornøgde enn kundane i dei andre kommunane, som betaler ved levering på stasjonen.

Ein styrke å samle fagmiljøa

Myndighetene sine krav til lovleg avfallshandtering blir stadig strengare. Ei rekke produkt viser seg etter å ha vore i bruk ei periode, å vere miljøskadelege og trenge særskild behandling. Vindauge med klorparafinar og PCB er døme på dette. Parallelt med at miljøstasjonane handterer meir farleg avfall aukar også utfordringane innan HMS på arbeidsplassen.

Fagmiljøet må ha sikre og gode rutiner for å unngå ulukker, arbeidsskadar og feil handtering av avfallet. Dei må til ei kvar tid ha kompetanse på kva som krevst av analyser, deklarasjonar og kva som er klassifisert som farleg avfall. For små miljøstasjonar er det krevjande å innfri framtidige krav til farleg avfall aleine. Å samordne fagmiljøa vil styrke HMS og kompetanse på miljøstasjonane.



PCB – eit eineståande stoff med farlege eigenskapar

PCB er eit industrikjemikalie som vart utvikla seint på 20-talet. PCB gir god isolasjonsevne, lang haldbarheit, lav brennbarheit og god kjøleevne. Det er produsert om lag 2 millionar tonn PCB i det forrige århundre. Mykje av stoffet har i ettertid blitt forsvarleg handtert, men store delar har utgjort ei varig forureiningskjelde. PCB har skumle langtidseffekter på menneske. Døme på dette er auka kreftrisiko, nedsett immunforsvar, reproduksjonsforstyrningar, nevrologiske forstyrningar og hudpåverkanad.


Dyr og menneske vil bli eksponert for PCB i generasjonar framover. Det er difor viktig at mest mogleg av dette, som ved mange andre avfallstypar, kjem ut av krinsløpet så raskt som mogleg.



Mykje tyder på at foster og barn som blir amma får i seg høgare konsentrasjonar PCB enn vaksne.

Kjelde: PCB.no

Ålesundregionen



STOR



MEDIUM



LITEN



Betre renovasjonsteknisk planlegging handlar om deg der du bur

På smale grusvegar, i bratte svingar og på strekningar med mjuke trafikantar
- ÅRIM tømmer tusen dunkar i timen og har sytten renovasjonsbilar i trafikken kvar dag.
Vår største uro er å bli innblanda i hendingar der menneske kjem til skade.

Difor er ÅRIM ein pådrivar for betre renovasjonsteknisk planlegging.

Tryggare i trafikken

Betre renovasjonsteknisk planlegging handlar om to ting; trygge trafikkforhold og meir effektiv innsamling av avfall. Vegforholda i regionen er varierande både når det gjeld vegdekke, vegbreidde, snuforhold, helling og sikt. Å få tryggare vegar vil ta tid, difor er det særleg viktig at nye vegar er eigna for tunge køyretøy. For å unngå skader på person, bil eller omgivelsar må vegane vere bygd for store køyretøy som snur trygt og ryggar minst mogleg. Det bør heller ikkje vere for bratt tereng. Renovasjonsbilen skal, på samme måte som andre nyttekøyretøy,

fram heile året, ofte på vegar bilen deler med skuleborn.

Meir berekraftige renovasjonsløysingar
ÅRIM gjennomfører fleire tiltak som effektiviserer renovasjonen. Å etablere felles avfallsløysingar for fleire husstandar er døme på dette. Byggjefelt med eit eller få hentepunkt gir ÅRIM færre stopp før renovasjonsbilen snur ut igjen. Om vi får eit større omfang av slike løysingar, forventar vi å kunne redusere kostnadane ved renovasjonen. Færre stopp betyr dessutan mindre bruk av drivstoff, betre flyt i trafikken

og mindre fysisk arbeid for renovatøren. Dette er gode miljøtiltak.

Geografien vår byr på ulike utfordringar med tettbygde strøk, smale gater, knappe svingar og bratte bakkar. Mykje kan vi ikkje gjere noko med. At ÅRIM uttaler seg om renovasjonsteknisk planlegging når nye byggffelt blir prosjektert, kan redusere farlege trafikksituasjonar, rygging og krevjande køyreforhold. God tilretteleggjring for renovasjon gir tryggleik for menneska som bur der bilen kører kvar veke.

Med underjordisk avfallssystem forsvinn mange av problema avfall kan forårsake. Bort med overfylling. Bort med lukt. Bort med brannfare. Dei nye avfallssistema har mange fordelar, fortel avdelingsleiar i ÅRIM, Lars Fugledal.



Miljøfarleg avfall ut av søpla

Dei siste ti åra har mengde miljøfarleg avfall i Noreg blitt dobla til 1,2 millionar tonn. I tillegg er der 60 000 tonn miljøfarleg avfall som ikkje blir levert inn og som er på avveg. Her er ÅRIM si oppgåve todelt; å sørge for forsvarleg handtering av avfallet og informere folk om korleis det miljøfarlege avfallet skal leverast inn.



La oss følgje ei sparepære som blir riktig levert.

Du leverer sparepæra til miljøstasjonen og ser at personen på kundemottaket sorterer sparepæra i ein av mange behaldarar med ulike typar farleg avfall. Sparepærer inneheld kvikksølv, ei av dei farlegaste miljøgiftene vi kjerner. Kundemottakaren merkar, registrerer og deklarer avfallet, før dei sender det vidare. Stasjonen har dermed kontroll med kor mykje dei har inne av akkurat denne avfallstypen, og kor mykje dei sender til behandling.

Sparepæra di blir seinare henta av returselskap som har ansvar for innsamling og gjenvinning av elektrisk og elektronisk avfall. Selskapa har utvikla eigne teknikkar som forhindrar at tungmetallet fordampar. Kobolt

småelektronikk. ÅRIM er i år med på ein nasjonal kampanje som skal auke og spreie kunnskap om kva som er miljøfarleg avfall, og kvar du sorterer det riktig. Kundane i regionen kjem til å få informasjon om farleg avfall og oppleve at det skjer noko nytt innan innsamling.

ÅRIM rullar ut mobil miljøstasjon

No kjem ÅRIM med miljøstasjonen dit folk bur. Den mobile stasjonen starta i Ålesund i februar, skal ha fleire stopp gjennom kommunane og avsluttar i Sandøy i september. I hovudsak leverer folk måling, kjemikalier og småelektrisk, men her kjem alt fra kunstgjødsel og julelys til spillolje og fjernstyrte bilar. Kundane gir tilbakemelding om at dei får eit ekstra spark til å levere inn det farlege avfallet når dei har eit fast klokkeslett ein gitt dag, nær der dei bur.

og sjeldne jordartsmetall blir tatt ut, kvikksølvet blir forsvarleg deponert, plasten blir energigjenvunne, og glas og metall blir til nye material. På denne måten får vi gjenbrukt ressursane i avfallet og minimerer utsleppa av miljøfarlege stoff.

Farleg avfall-kampanje i 2014

Sjølv om 71 prosent av alle nordmenn veit at lyspærer inneheld miljøgifter, kastar ein av fire personar lyspærer i restavfallet. Likeins er det med batteri, elektriske leiker og anna



Farleg avfall er det avfallet som ikkje skal handterast saman med anna avfall fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr. Døme på farleg avfall er måling, lim, lakk, kjemikalier, impregnert trevirke, vindauge, cellegummi, golv- og takbelegg, asbest og anna byggavfall.

Korleis du brukar skismurninga er opp til deg...

Korleis du kastar ho angår oss alle

Desse spreke jentene frå Sula kan å lage liv og røre. Fotballaget promoterte ÅRIM si innsamling av farleg avfall med ein god dose humor, søte appelsiner, varm kakao og glad dansemusikk.

Fotballaget delte ut skismurning med beskjeden "Korleis du bruker skismurninga er opp til deg. Korleis du kastar ho angår oss alle". Det mange

ikkje veit, er at fleire typar skismurning er miljøfarleg avfall - på samme måte som hårspray, batteri, blinkesko og mykje anna.

Jentene var med på å skape blest rundt tiltaket. Tilbakemeldingane frå kundane var positive og den mobile miljøstasjonen vart godt besøkt både i Sula og andre kommunar.



Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) er alle produkt som brukar eller leiar straum – enten det er frå straumnettet eller batteri. Sparepærer og batteri havnar altfor ofte i restavfallet. ÅRIM sendte difor ut batteribokser til alle husstandar i desember 2013. Folk kan få nye boksar ved å ta kontakt med ÅRIM eller miljøstasjonen.



Hytteliv er herlig

Stadig fleire hytter blir bygd i Ålesundregionen.

Med hytteliv følgjer behovet for gode renovasjonsløysingar.



Bortimot halvparten av ÅRIM-kommunane har i dag innført hytterenovasjon. Det vil seie at dei som har hytte, har ei tilgjengeleg renovasjonsløysing mot renovasjonsgebyr.

ÅRIM har oppgradert hyttepunkta i regionen med konteinrarar for restavfall og papir. Lukene for restavfall er små for å unngå at folk kastar møbler, rinvingsavfall og andre store gjenstandar. Konteinrarane er blitt profilert med informasjon om kva som skal, og ikkje skal inn i konteinrarane. Ein del av hyttepunkta har òg fått eigne glas og metall-konteinrarar. Planen er at dei store hyttepunkta skal få tilbod om dette, slik at vi får gjenvunne meir glas og metall.

Kjeldesortering på hytta

Ved å leggje til rette for kjeldesortering på hytta, får hyttefolket fortsetje med dei gode kjeldesorteringsvanane

når dei har fri. Vi har ikkje ordning for plastinnsamling, men i 2014 vil hytteabonnentane få tilbod om å levere farleg avfall når ÅRIM reiser rundt med sin mobile miljøstasjon. Selskapet vil også arbeide for at miljøstasjonane skal bli meir tilgjengelege for hyttefolk.

Hytterenovasjon har sine utfordringar
Behovet for renovasjon følgjer høgtider, fridagar og finevèr. Avfallsmengdene er difor ikkje alltid like forutsigbare. Når mange reiser frå hyttene på samme dag, kan konteinrarane bli fulle på kort tid – sjølv om dei nettopp er blitt tømt. Dei fleste bruker konteinrarane som dei skal, men nokre forsølar ved å plassere avfallet på bakken. Vi veit og at konteinrarane blir brukt av andre enn hyttefolk. ÅRIM arbeider for å møte desse utfordringane på best mogleg måte.



Kommunar med hytterenovasjon ved årsskiftet:

NORDDAL

SANDØY


STORDAL

STRANDA

SYKKYLVEN

AUKA TANKEVERKSEMD

Etter dei nye, felles reglane i Ålesundregionen skal enkelte slamtankar tømmast oftare enn før. Målet er betre kontroll og å hindre forureining i sensitive område. For å oppnå dette, må vi òg gjennom eit langsiktig ryddearbeid i alle kundedata.



Kvalitetssikring av kundedata

Alle husstandar med slamanlegg i Ålesundregionen vart kundar av ÅRIM i 2013. Vi er ærlege når vi seier det vil ta tid å få full oversikt over kven kundane våre er og kva anlegg dei har. Kvalitetssikra kundedata stiller krav både til kommunane som gir utsleppsløyve og ÅRIM som har ansvar for tømming, kontroll og kundekontakt. Manglande informasjon kan gi feil på faktura, vere grunn til at kunden ikkje får varsel om tømming, føre til feiltømming eller at vi ikkje veit om tankar som skal tømmast.

Forhindre forureining av vatn og nærområde

Dei fleste kommunane har ikkje hatt kapasitet til å vidareformidle

alle feilmeldingar slamtømmaren rapporterte inn til kundane. Dette vil seie at mange feil ikkje har blitt utbetra, slamanlegga kan forureine eller kundar kan vere i fare for å få kjellaren full av kloakk. Her arbeider kommunane og ÅRIM no med å styrke rutinane. Slamtømmerar rapporterer no til ÅRIM, som vidare skal informere kunden om feil som skal utbetrast. Vi forventar at dei fleste ønskjer å unngå problem med anlegget sitt, og reparerer feilen. Gjer dei ikkje det, har kommunane muligkeit til å følgje opp.

Når ÅRIM får ein fireårsperiode med kontroll og tømming bak seg, veit vi mykje meir. Då vil kommunane og ÅRIM ha betre oversikt både over kundedata og slamanlegga i regionen.

Slamtømmer registrerer tømminga i datasystemet til ÅRIM.



MÅLING REINGJERINGSMIDDEL LAKK OG LIM BILPRODUKT

Alle typar måling og løsemiddel er farleg avfall.



Måling og løsemiddel er farleg avfall.
Dei inneheld stoff som kan vere skadelege for menneske, dyr og natur.

Nordmenn er i verdstoppen i oppussing.
23.000.000
liter måling vart selt i Noreg i 2012.

Må IKKJE bli kasta i restavfall, toalett eller returpunkt for glass- og metallballasje.

Måling og løsemiddel skal leverast på gjenvinningsstasjonen eller miljøstasjon for farleg avfall.

Papirfabrikk i barnehagen

Grønmyr barnehage Bjørkavåg på Sula lånte papirfabrikken frå ÅRIM, bretta opp ermene og gjekk til arbeid. Ein ting er sikkert; borna kan å gjenvinne papir.

Barna lagar papir

Ivrige små hender badar i lilla, blaut papirmasse. Heidi Steinnes frå ÅRIM forklarer når borna lagar papir etter tur. - Dei løftar opp treramma, silar av vatnet og legg papiret forsiktig til tørk. Førskuleborna er med og fortel ivrig om papiret dei har klift i små bitar før dei miksa det saman med cellulose, vatn og "tryllepulver". Det er dette som er resirkulering, fortel Steinnes. Dei brukar gammalt papir og lagar nytt. Slik gjer vi med plast, glas og metall òg.



Så er det Mr. Boss sin tur!

Vegard Waagan frå ÅRIM har rolla som miljøsuperhelt denne dagen. Han brettar opp ermene og det blir heilt stilt rundt han. Barna følgjer han konsentrerte med blikket da han gjer akkurat som dei. - Resirkulering er moro, smiler han idet han løftar treramma med det som skal bli nytt lilla papir opp av vatnet .



ÅRIM besøker skular og barnehagar

- Born er engasjerte og lærer fort, seier Heidi Steinnes i ÅRIM fornøgd. Vi har ulike tips til aktivitetar som skal lære borna om kjeldesortering og gjenvinning. Gruppene er ulike både i storleik, alder og kva dei etterspør, difor tilpassar vi opplegga kvar gong. Vi har tru på læring gjennom praksis, leik og moro. Borna har vore svært positive og engasjerte når vi har vore på besøk. Papirfabrikken har slått godt an.

I kontakt med kundane

Med mange informasjonsbehov og ulike målgrupper, arbeider ÅRIM for å nå fram i fleire kanalar. Her er nokre av kommunikasjonstiltaka til selskapet.



Kundesenter på Moa

Kundesenteret svarer kundar som besøker selskapet på Moa, eller tek kontakt via telefon og e-post. ÅRIM har som mål å gi ei positiv kundeoppleveling og gode svar om renovasjon, slam og kjeldesortering.

Internett

Internettsida er den viktigaste informasjonskanalen vår. Her finn kundane blant anna renovasjonskalender, opningstider, informasjon om kjeldesortering, bestiller større papirdunk og kjem i kontakt med selskapet.

På Facebook legg vi ut informasjon om kva vi arbeider med, deler relevante saker og arbeider for å skape interesse og engasjement. Her inviterer selskapet til dialog, og å gi tilbakemeldingar.

Renovasjonskalender

Informasjon om når avfallet blir henta. ÅRIM sender ut kalender kvart år og annonserer om endringar før alle høgtider.

Batteriboks

Eit populært tiltak i 2013. Alle husstandar fekk tilsendt boks for oppsamling av batteri. Nye bokstar er å få hos ÅRIM og på miljøstasjonane.

Hauste

Miljøbladet Hauste går ut til alle innbyggjarar. I bladet oppfordrar ÅRIM til riktig avfallshandtering og formidlar kvifor dette er viktig. Det er òg ein kanal for å auke engasjement og kunnskap om miljø.

Informasjon om hytterenovasjon

Hytteeigarar er ei av målgruppene som har behov for tilpassa informasjon om korleis avfallet skal handterast på hytta.

Farleg avfall-brosjyrer

Målet er å få alt miljøfarleg avfall til trygg behandling. Då treng kundane informasjon om kva som er farleg avfall og korleis det skal leverast. Alle innbyggjarane har fått brosjyrer med informasjon.



Ei felles renovasjonsforskrift

Alle kommunestyra godkjente felles renovasjonsforskrift for ÅRIM i 2013. Dette var eit viktig skritt på vegen til likt tenestetilbod for innbyggjarane i Ålesundregionen.

Lik forskrift aukar kvaliteten på renovasjonstenesta

Renovatørane utfører arbeidet likt, uavhengig av kva kommune dei tømmer dunken i. Dette betyr færre avvik hos kundane. Ei renovasjonforskrift gjer at vi får rydda opp i saker som har hatt ulik praksis i eigarkommunane. Kundesenteret har òg fått utarbeidd enklare prosedyrer på korleis oppgåvene deira skal utførast utan kommunetilpassingar på kvar og ei oppgåve. Like svar på alt løftar kvaliteten på informasjonen ÅRIM gir kundane som ringer.

Fleire oppgåver til ÅRIM

Med den nye forskriften vart mynde og fleire oppgåver flytta frå kommunane til ÅRIM. Døme på dette er handtering av søknadar om kompost og fritak frå renovasjon. Dette arbeidet ligg no hos ÅRIM.

Mindre forureining med ny tømmefrekvens for slam

ÅRIM tømmer slamtankane og utfører tilsyn. Kommunane gir sjølve utsleppsløyve og har ansvaret for oppfølgjinga av desse. Ny forskrift har reglar om hyppigare

slamtømming enn før. Dette forhindrar unødig forureining og utslepp i naturen. Hyppigare tilsyn gjer òg at kundane raskare får beskjed om noko er galt med tanken, dei får då reparert feilen. På denne måten kan kommunen, ÅRIM og kunden i fellesskap forhindre uehdlig oversvømming eller forurening.

Meir rettferdig

Lik pris for likt tilbod er eit av måla selskapet arbeider etter. Felles forskrift gjer at ÅRIM i større grad får praktisert like reglar for tenestene ÅRIM utfører i kommunane.

Avfallskonferansen – bransjen sin viktigaste møteplass



850 personar i avfallsbransjen kom til Ålesund for å delta på eit fullspekka program med forelesarar frå inn- og utland. Hotella var fullbooka og arrangementet var vellykka både fagleg og sosialt.

Avfallskonferansen, som går over tre dagar, er eit årleg arrangement Her får folk i bransjen fagleg oppdatering og dele erfaringar med kolleger frå andre stader i landet.

Avfallskonferansen blir arrangert av Avfall Norge. Arrangementet flytta til ein ny by kvart år. I 2013 var Avfallsforum Møre og Romsdal lokal arrangør. ÅRIM, som er medlem i begge organisasjonane deltok både i forarbeid og under konferansen.



Bilete frå toppen:

Frå venstre: Eva Ødegaard i ÅRIM, Sølvi Muriaas i Ålesund kommune, Heidi Steinnes i ÅRIM og Reidunn Vadstein i Ålesund kommune registrerte konferansedeltakarane som kom.



Bilete i midten: Øystein Solevåg frå ÅRIM ved siden av Bjørn-Inge Molvær frå Reknes på festmiddagen på Rica Parken.




Henrik Lystad frå Avfall Norge og stortingsrepresentant Nikolai Astrup i samtale med konferansedeltakarar.

Nedst:
Konferansen vart arrangert på Color Line Stadion og Sparebanken Møre Arena.



Dette kostar renovasjonen for 2014



Renovasjonstenesta frå ÅRIM kostar kr 1 225 utan forbrenning og 1 645 med forbrenning i 2014. Oppå dette har kommunane sine kostnader. Prisvariasjonane deira blir blant anna påverka av fond, miljøstasjonstilbod og administrasjon. Åtte av kommunane har også utgifter til forbrenning av restavfall. *Kundar i Sula betaler i tillegg kr 160,- for å få dunken henta ved husvegg.

ÅRIM sin del av renovasjonsgebyret

På samme tid som ÅRIM har tatt over fleire oppgåver, har prisen¹⁾ på det samla tenestetilbodet selskapet leverer gått ned.



2012 – kr 1 498,-

¹⁾ Pris gjeld standardabonnement utan forbrenning frå ÅRIM.
Forbrenningskostnader per abonnement er berekna til kr 420,- i 2014.

2013 – kr 1 227,-²⁾

²⁾ Pris frå ÅRIM for 2013 var opprinnelig sett til kr 1 341*.
Representantskapet vedtok seinare å redusere denne til kr 1 227,-

Kommunane sitt samla renovasjonsgebyr til abonnenten.



STANDARDABONNEMENT

Dette er det mest vanlege abonnementet i regionen.

Gebrya vi samanliknar gjeld pris for:

Plast-
emballasjesekk,
henting kvar
4. veke

140 l/240 l
papiravfallsdunk,
henting kvar
4. veke

140 l
restavfallsdunk,
henting kvar
veke



ÅRSMELDING

SELSKAPET SITT FØREMÅL

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS (ÅRIM) er eigd av kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog, Ålesund, Vestnes, Sandøy, Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjartalet i kvar kommune. Selskapet sin administrasjon ligg på Moa i Ålesund kommune.

ÅRIM utfører dei lovpålagde oppgåvane medlemskommunane har innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet gir tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk forsvarleg. Selskapet legg vekt på miljøvennlig drift i alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet tek sjølv avgjerd om i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande. ÅRIM er eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane, og driv eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennlig avfallsbehandling.

ÅRETS AKTIVITET

Selskapet har ansvar for innsamling av restavfall, papir og plastemballasje frå alle hushaldskundar i regionen. 30. januar 2013 signerte ÅRIM avtale med ny renovatør; RenoNorden AS. Samstundes vart avtalen med Norsk Gjenvinning Renovasjon AS sagt opp. Den nye leverandøren tok over innsamlinga av avfall frå 1. september. Renovatørane som var tilsett hos Norsk Gjenvinning Renovasjon AS fekk tilbod om å gå over til nytt selskap. Ny, felles renovasjonsforskrift vart vedteken i alle kommunestyra i andre halvår 2013. Med dette fekk ÅRIM like reglar for renovasjon og slam i regionen og ansvaret for fleire oppgåver.

1. januar 2013 starta Miljøservice AS opp arbeidet med å tømme slamtankane for ÅRIM sine kundar. Selskapet har hatt tilsvarende oppdrag for dei fleste kommunane tidlegare.

ÅRIM har oppgradert hyttepunktene i kommunane som har hytterenovasjon; Norddal, Sandøy, Stordal, Sykkylven og Stranda. Konteinarane har blitt profilerte med informasjon om sortering, nokre av punkta har også fått glas- og metallkonteinar. Avtalar for tilsyn, opprydding og snørydding er òg komne på plass.

I tillegg til Norddal, blei det i fjerde kvartal 2013 klart at kundeforholdet til næringskundane i Haram, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula og Vestnes skulle overførast til ÅRIM frå 1. januar 2014. ÅRIM inngår kontraktar, fakturerer og følgjer opp kundeforholda.

Kundesenteret har opplevd god auke i talet på henvendingar frå kundar gjennom året, særleg etter at ny forskrift vart sett i verk. Dette reduserer arbeidsmengden hos kommunane, noko som er etter planen.

Selskapet har auka informasjonsaktivitetten retta mot born og unge, og møter på skular og barnehagar etter førespurnad.

ÅRIM gjennomførte kundetilfredsheitsundersøking blant 2 548 personar i første kvartal 2013 der selskapet spurte om grad av kjeldesortering, oppfatning av ÅRIM, tilfredsheit med dei bemannata miljøstasjonane og innstillinga til endring i tenestene. På ein skala frå 1-6 får selskapet ein score på 4,1 på spørsmålet om kor nøgde innbyggjarane er samla sett, med renovasjonstenesta selskapet utfører.

Selskapet har hatt ein prosess med organisasjonsutvikling, herunder utvikling av kva hovudmål, delmål og resultatløfta dei tilsette skal arbeide etter.

FRAMTIDIG AKTIVITET

ÅRIM sitt mål er å drive så kostnadseffektivt som mulig, samstundes som selskapet tek miljøomsyn. Det viktigaste for å få på plass dette er at oppgåver blir gjort ein gong på ein stad, gode støttesystem, likt tenestetilbod og fokus på hovudtenestene.

Fra 2015 er intensjonen at ÅRIM skal overta ansvaret også for dei bemannata miljøstasjonane. Selskapet har lagt ned omfattande arbeid i å få oversikt over kostnadene ved miljøstasjonstilboden slik det blir drive i dag, samtid i å utforme mål for og krav til det framtidige miljøstasjonstilboden.

RESULTAT OG UTVIKLING

Inntekter

Selskapet hadde totalt inntekter på 70 118 253 kroner i 2013 mot 81 056 717 kroner i 2012. Av inntektene kom 66 470 463 kroner frå tenester som blei levert til eigarkommunane i 2013. I tillegg var finanspostane positive med 968 150 kroner.

Kostnader

Driftskostnadane for året var 72 415 146 kroner, mot 65 033 752 kroner i 2012. Varekost (innsamling, gjenvinning, sluttbehandling og materiell) var på 54 366 355 kroner. Kostnadane til løn og honorar var 7 047 488 kroner, mot 4 860 708 kroner i 2012.

Resultat

Resultat er minus 1 959 550 kroner etter skatt, mot resultat 15 914 710 kroner i 2012. Budsjettet resultat var på minus 7 693 810 kroner. Resultatendringa i forhold til budsjett skuldast i hovudsak at selskapet hadde lågare kostnader til varekost, administrasjon og drift enn forventa.

Investeringar

Selskapet investerte for totalt 2 388 209 kroner i 2013. Det vart i hovudsak investert i innsamlingsutstyr. Det er tatt opp eit lån for å finansiere investeringane. Investeringane blei finansiert med likvidar inntil lån vart utbetalet i 2013.

Likviditet

Likviditeten i selskapet var god i 2013. I 2014 er det budsjettet med underskot. Likviditeten i 2014 er venta å vere tilfredstillende.

Næringsverksemد og skatt

ÅRIM skil mellom tenester som er sjølvkosttenester (tenester til handtering av hushaldavfall og slam) og tenester som ikkje er sjølvkosttenester. Det skal ikkje vere noko kryssubsidiering mellom tenestene. For ÅRIM er ikkje renovasjon til næringskundar ein del av sjølvkosttenestene. Resultatet for næringsverksemda er skattepliktig. Der inntekter og kostnadar ikkje kan førast direkte til ei av tenestene blir dei fordelt basert på nøklar. Nøklane er basert på dunkvolum tømd, talet på kundar og administrasjonen sin tidsbruk. Resultatet for næringsverksemda var i 2013 før skatt 2 252 773 kroner. Etter skatt var resultatet 1 621 966 kroner.

Analyse

Resultatet for selskapet er betre enn budsjett. Dette skuldast fleire forhold.

Inntektene er om lag 5 millionar kroner lågare enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak 2,4 millionar kroner mindre i slaminntekter og 3,5 millionar kroner mindre for hushaldrenovasjon. Det blei hausten 2013 vedteke ein prisreduksjon på totalt 4,0 millionar kroner for hushaldrenovasjon.

Varekosten var 8,2 millionar kroner under budsjettet. Dette skuldast mindre slamtømming enn budsjettet, totalt 3,5 millionar kroner. Kvaliteten på budsjettgrunnlaget (talet på slamlundar og når dei skulle tømst) var ikkje tilfredstillende. Det blei i budsjett estimert at halvparten av kundane skulle ha tømming i løpet av året. Ettersom nokre kommunar ikkje har tømming kvart år blei det avvik. Innsamlingskostnadene for renovasjon var 2,2 millionar kroner lågare enn budsjettet. Dette skuldast mellom anna lågare prisar. Forbrenning blei også 0,8 millionar kroner lågare enn budsjettet.

Personalkostnadene og driftskostnadene er lågere enn budsjettet. Når det gjeld driftskostnadene, er grunnen til innsparinga at selskapet ikkje er der det forventa å vere etter budsjettet og usikkerheit rundt oppgåvane som skulle gjerast og kva desse faktisk ville koste. ÅRIM har ikkje fått gjort alt selskapet hadde planlagt og ting tek lengre tid enn føresett. Ein del av innsparingane skuldast også at det har vore fokus i ÅRIM på å vere tilbakehaldne med å påføre selskapet kostnadane. Dei store anbodsprosessane og meirarbeidet som dette har ført med seg, har blitt gjennomført innanfor budsjettet. Desse vil også føre til reduserte kostnadar på dei tenestene som har vore ute på anbod.

Talet på kundar

Kundegrunnlaget for renovasjon er betre ved utgangen av 2013 enn i 2012. Det er i 2013 arbeida mykje med å kvalitetssikre datagrunnlaget for både slam og renovasjon. ÅRIM vil arbeide vidare med å auke kvaliteten på kundedata. I 2014 vil ein særleg fokusere på slam- og næringskundedata.

FINANSIELL RISIKO

